Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 68

Tilleggsspørsmålnr.

Emne :

Oppskr. av : Rachel Thomassen

(adresse) : nå: Øvre Kalfarli 51 Bergen

Fylke :

Herad : Konsmo og

Bygdelag : Bjelland

Gard :

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn : (ta også med alder, heimstad, yrke) :

SVAR

1.
Det har vore lite bålbrenning i vår bygd; men jonsok har dei flesta bygder bruka å brenna store og mindre bål etter som interessa var.
Dei kalla det til vanleg jonsokbål eller Sankthansbål; men det var stådt bål med, ikkje noko anna namn på sjølve elden

2. Var det av og til vgl bruka å brenna opp eld om sumaren på turar og liknande, så vart det sjeldan kalla bål, då segje dei: brenna opp eld.

3 Skilnaden er kverre den at: eld er eit lite bål; men eit bål er ein stor eld med stort kvyrke Tida.

4. Nei i jol var der aldri bål om noko slikt

5 Julelag er heilt ukjendt i våre bygder.

6 Nei

7 nei

14107

8a Ja, jonsok-bulden brende dei bål
b Nei
c Nei
d. Det fantes visst enkelte i gamle tia som brukte det; men det e saat lenge sia.
9-10 og 11 e heelt ukjendt når det gjeld kråkesa.
Dei brende alltid bål jonsokkvelden ikkje jonsokdagen.
12 Bålet skulle ikkje tennast før det vat mørkt, det vart nok helst midt på natta
13. Det skulle helst brenna så lenge som råd; men sjølvsagt så lenge det var litt myrkt.
14 – Ja det var mest alltid på same staden. Helst på dei høgaste nutane, for det var om å gjøra å på det høgaste og vidast synlege bålet. Akkurat når bygd brenne me på ein holme ute i Gyrdesvatnet. Me dreg saman ei mengd ved av alle slag og gjer bålet i stand på førehand.
15 Antakeleg gjorde dei det.
16 Ja dei fleste gardane brende bål og gjer det til dels endå Me kan sjå fleire bål når me e ute på holmen
17. nei
18. Det e mest ungdommen og borna som e interessert i bål

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

14107

men der ein del av dei gamle, som
ikkje vil sleppa tradisjonen. Er
dei fyrst av det slaget, er der ingen
som er meir ivrige enn dei til
å samla til bålet. Det er for
dei mest like naudsynt, som
helgedaganes er.
19. Ja det var ikkje nokon skil-
nad på det.
20. Litt av kvart
21 Ja no i dei 4-5 siste åra
har fleire ungdomslag samla
seg og brent bål på Holmen.
22. Nei det er utgjennt.

23. Bålet vert nok ikkje bygd likt
over alt. Sume tar tak i ein rettleg
lang stokk som dei fester nave,
bjørketunne (bom) eller andre rettleg
brennbare ting i toppen på. So
reiser dei den rett opp, murer stein
rundt og legg så alle slags kvyrke
oppetter stonga so høgt som råd.
Når elden fakar i toppen, vert
bålet so høgt at det er reint ut
undar, då jublar borna og heile
flokken lengjar og held moro.
25 utgjenst
26. Nei kjøpe til bålet var nå
heilt ukurvande i våre bygde.
Det var ei mengd med alle slags
kvyrke som låg rotnakt i skogane
27. Nei det var ingen lov om det,
men alle som var interessert
hjelpte til med å få bålet i stand
28. Alt som låg til unytte var fritt
så alle kunne ta det

14107
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

4

29 - Nei det var berre ein ūtsbeum lod.
30 - Ja det & slike ennå i bygda.

32 - Ja det var om å gjæ å få elden til å nå så høgt som råd
33 Det var noh bra at det lyste breidt og klårt; men høgda var det som var mest om å gjøra
34-35 - det trur eg ikkje nokon tenkte på.
36. 37-38-39. & heilt ukjendt hjå oss
40. Det hadde fleire namn etter som det låg an med feskinga. Det kunne heite Sankthans fest, Sankthans moro eller Jonsok moro
41. Det har noh alltid vore dei unge som har vore i fleirtal ved slike tilhøve. Dei gamle brukte mykje å halda fest heime med jonsokdraule
42. Ja dei heldt seg ved bålet til det gårna av dag, då drog dei på heimveg
43. Det har vore svært ulikt år om anna; men det var alltid noko etande ved slike festar. Om ikkje anna så hadde dei kaffi og medteken mat for dei vaksne og mjølk, eller seinare brus for dei mindre. Men, det kunne og henda at gjentene hadde med seg matkorger og gutane skulle halda det som skulle drikkast.
44. Det var slett ikkje vanleg med dans for det var sjeldan nokon lageleg stad for slikt, men dei dreiv med småleikar, og somme hadde trekkspel eller fele med, so song dei mykje.
Nå i seinare tid, har dei bruka å ha foredrag o.l. på slike festar

14107

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

 

45 ūkjendt.

46-47-48 ūkjendt.

49 – Nei noko oss oppgåve trū eg ikkje bålbrenninga har, anna enn å halda ein gamal tradisjon oppe - og kanske for å ha noko som kan binda bygde folk saman, og som dei ūnge som fer ūt av bygda kan hugsa og halla fram i minnet seinare

50 – Eg sjønar det slik at det kan halde seg mest på same vis i mange mange år, men eg trūr helst det vil minka p.g. av at dei ūnge fer ūt av bygdene, so er det for få til å gjera noko festleg ūt av det.

14107

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING